

NR. 6

SEPTEMBER 1987

20. ÅRG.



Byggjearbeid på Takvam kapell.

AV INNHALDET:

- | | | | |
|--|------|--|-------|
| - Kortilbod i kyrkjelydane | s. 3 | - Nytt frå kyrkjelydane | s. 8 |
| - Kyrkjelyds huset i Arna | s. 6 | - Målfrid Sandvik vigsla
til misjonær | s. 10 |
| - Kapellet og gravplassen
på Takvam | s. 7 | - Israelstur | s. 13 |

SKULESTART FOR SØNDAGSSKULANE Side 4

Jesus har makt

13. s.e. pinse: Mark. 7,31-37.



Mark. 7,31-37

Sidan drog Jesus bort att frå landet kring Tyrus. Han tok vegen gjennom Sidon og Dekapolis-landet og kom til Galileasjøen. Der førte dei til han ein mann som var döv og hadde vondt for å tala og dei bad han liggja hendene på han. Jesus tok den døve med seg bort frå folket, står det. Det viser at det var ikkje for at folket skulle hylla han for undera. Jesus skulle lida og døy for å berga sjelene, dette var det han var komen til jorda for. Ingen ting måtte overskygga det. Det var likevel ikkje til å koma unna rykta, dei spreidde seg utover. Folk undra seg og sa: «Han har gjort alle ting vel. Han får døve til å høyra, mållause til å tala». Her var det skaparen over himmel og jord som hadde gripe inn.

Det var Jesus si stemme den døve fekk høyra først. Vi treng kanskje og be om å få høyra. Ofte kan vi vera åndeleg døve. Ordet er Guds stemme til oss. Dersom vil lar ordet tala til oss vil Gud ved sin Ande gjera det levande så vi høyrrer.

Då Johannes døyparen sat i fengsel sende han bod til Jesus med læresveinane sine og spurde: «Er du den som skal kome, eller skal vi venta ein annan?» Jesus svara: «Gå og fortel Johannes kva de høyrrer og sei: Blinde ser og lame går, spedalske vert reine og døve høyrrer, døde står opp, og evangeliet vert forkynt for fattige, og sæl er den som ikkje støyter seg på meg» Matt. 11,3-6. Nokre av desse orda kjende Johannes igjen frå profeten Jesaja 29,18-19. Då skjøna han at Jesus var Messias.

Slik viste Jesus ved å gjera undergjerningar at han var den Messias som profetane hadde tala om.

Han har makt over liv og død, fordi han er Guds son.

SYNG I KOR

I kyrkjene er det eit variert tilbod til dei som likar å syngja

Arna Kyrkjekor

Arna kyrkjekor har teke til att med øvingane. Vi held til i kyrkja kvar onsdag frå kl. 19.00 til kl. 20.30. Har du hug til å syngja i kor er dette noko for deg. Vi har mange spanande oppgaver framfor oss, og skal vi klara å løysa desse oppgavene treng vi DEG.

Arna kyrkjens barnekantori.

Dette koret er for born, 2.-6. klasse. det er no ca 40 medlemmer og dei øver onsdag kl. 17-18.30. Dirigent og leiar er organist Asbjørn Flåm.

Arna Ten Sing

har øving kvar torsdag kl. 18.45. Aldersgrensa er no 7. klasse. Vil du vera med i eit friskt ungdomsmiljø med glad song, er du velkomen dit.

Ytre Arna kyrkjekor

Øving kvar tirsdag kl. 19.00 i kyrkja. Vi ynksjer velkomen til eit triveleg og lærerrikt felleskap.

Ytre Arna barnekor

Øving tirsdag kl. 15.30

Ungdomsgruppa

Øving mandag kl. 19.00

Er det noko de vil spørja om, så ta kontakt med dirigent Siri Brunvoll, tlf. 18 45 29 for Ytre Arna og Abjørn Flåm, Arna kyrkjekontor, tlf. 24 04 00 for kora i Arna.

Eldretreff på Flatane


Eldretreffa i Trygdebustaden på Flatane i Ytre Arne tek til att fredag 11. september kl. 17.00. Då vert det samlingar vidare utover hausten kvar 14. dag. Alle eldre er velkomne til å vera med.

4-åringane i Ytre Arna

Kyrkjelyden i Ytre Arna delar også dette året ut «Mi kyrkjebok» til 4-åringane i kyrkjelyden.

Vi har berre adressa til dei som budde her då dei vart døypte.

Er det nokon som er flytta hit seinare, er det fint om dei tek kontakt med Kyrkjekontoret tlf: 24 85 46 slik at dei og kan få bok. Det gjeld born som er fødte i 1983. Boka vert delt ut før Søndagsskulens dag 27.9, og 4-åringane er særskilt innbedne til gudsteneste den dagen.



Arna
Kyrkjelydsskule
Hausten 1987

Samtalekveldar i

Ytre Arna

Kyrkjelydsskulen innbyr også denne hausten til samtalekveldar i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Tema for desse kveldane vil vera knytt til aksjonen «Bibelen open for alle». Vi samtalar om tema ut frå Bibelen og alle er velkomne til å vera med. Samlingane tek til kl. 19.30. Ta med matpakke. Kaffi og te vert servert.

Samlingane vert desse onsdagane:

9. september
29. september
14. oktober
28. oktober

Alle er velkomne.

Skulestart — også for søndags- skulen

SØNDAGSSKULEN ER EI:
enkel kristen samling om søndagen,
der born får:
— syngja kristne songar
— læra å be
— høyra enkel undervisning og for-
kynning ut frå Bibelen
— snakka om det dei høyrer
— Vera i lag med andre i eit kristent
miljø.



SØNDAGSSKULAR I ARNA

Søndagsskulen tek no til att etter ferien.
I Arna er det søndagsskule desse stadene:

YTRE ARNA	Bedehuset kl. 10.30
HAUGLAND	Bedehuset kl. 11.00
INDRE ARNA	Bedehuset kl. 10.00
ARNA KYRKJE/Borgstova	kl. 11.00
LIATUN	Stølv. 98 kl. 9.45 og 10.30
ARNATVEIT	Salen kl. 11.30
HAUGE	«Betania» Lone kl. 10.45
UNNEALND	Bedehuset kl. 11.00
SEIMSMARK	Garnes barneskule kl. 11.00
TUNES	Bedehuset kl. 11.15
TAKVAM	Kapellet kl. 12.15
ROMSLO	Skulehuset kl. 10.30
TRENGEREID	Bedehuset kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men einskilde sta-
der er det annakvar.

VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!

Søndagsskulens dag vert i år 27. september. Denne dagen vil det bli
gudsteneste 4 stader i kyrkjelydane.

Arna kyrkje ved res.kap. Sundsbø

Ytre Arna kyrkje ved sokneprest Knut Hernes

Trengereid ved sokneprest Øy.

Desse gudstenestene tek til kl. 11.00

På Unneland vert det familie gudsteneste kl. 16.30 ved sokneprest Øy.

Me oppmodar alle familiar til å koma til gudsteneste denne dagen og
ta borna med.

VEL MØTT

Hva vet du om speiderarbeidet?

— er du glad i barn og unge og ser ver-
dien av et godt fritidstilbud for denne
aldersgruppen

— har du barn som er speidere og som
du gjerne vil følge opp

— har du barn som har lyst til å bli
speidere, og du av den grunn gjerne
vil bli nærmere kjent med arbeidet

Denne høsten starter vi et INNFØ-
RINGSKURS I SPEIDING som vil gå
over 5 kvelder. Det skal gi informa-
sjon og kunnskaper om KFUK-
speiderarbeidet og er åpent for alle
interesserte.

Om du i løpet av kurset synes dette
var noe du kunne se nærmere på, så
er det fint, ledere har vi bruk for. Men
også det å vite hva tilbud speideren
er, for barn og unge i dag er verdi-
fullt.

Vi vil vise praktisk patruljearbeid,
snakke om arbeidets målsetting, opp-
bygging av gruppe, tilknytning til
vårt forbund og verdens forbund — og
ikke minst om foreldrearbeid.

KURSSTART: 17. september (i alt
over 5 torsdager).

TID: Kl. 19.00-21.30.

STED: Welhavensgt. 66, 1. etasje.

PÅMELDING: Innen 9. september
til: Bergen krets av Norges KFUK-
speidere, Welhavensgt. 66, 5006 Ber-
gen. Tlf. 31 60 73, mandag og onsdag
kl. 09.00-14.00.

Leiarar til Søndagsskulen

For å kunna driva søndagsskulear-
beide trengs det leiarar. Arna søn-
dagsskulelag vil gjerne kome i kontak-
t med personar som kan tenkja seg ei
slik oppgåve. Det kan og vera ungdo-
mar som kan kome inn som hjelpe-
leiarar. Ta kontakt med Victor Abil-
gård, tlf. 24 23 07 eller Asbjørn Padøy,
tlf. 24 08 87.

Religiøse program i NRK, RADIO

Med grunnlag i endra sendetider og
nye program, har vi fått denne over-
sikten frå NRK, som kan vera til hjelp
for lydarane:

Søndag 11.00-11.55:

Høgmesse.

På P1 11.55-12.30:

På kirkebakken — møt mennesker og
hør om aktuelle saker i en direktesen-
ding umiddelbart etter gudstjenesten.

Tirsdag 21.15-21.40:

Temaprogram — mennesker møtes i
studio til debatt eller intervju.

Høsten -87: «Fra teologenes arbeids-
rom».

Torsdag 20.30-21.00:

Tre torsdager i måneden sender vi
musikkprogrammer.

«Nytt og uhørt»: aktuelt om kristelig
musikk.

«Låter om livet»: aktuelt om kristelig
pop og rock.

«Lovsang uten grenser»: inneholder
noe for enhver smak, kristelig musikk
for de fleste.

Morgenandakter:

Mandag — fredag kl. 06.45 på P2.

Andakt i farten for deg som skal på
jobb eller for deg som liker å stå tidlig
opp.

Andakter:

Mandag — fredag kl. 08.15 på P1.

Følger kirkeårets tekster. Onsdag er-
stattes den vanlige andakten av en li-
turgisk andakt. Den sendes fra en kir-
ke med skriftlesning og musikk.

Familieandakt:

Lørdag kl. 08.15 på P1.


Andakt i en litt lettere form. En bibel-
fortelling, sang og musikk og ofte med
barn i studio.

Kveldstanker:

Mandag — fredag kl. 21.40 på P1.

Opplesning av bibeltekster eller an-
dre religiøse tekster m/musikk.

Avgjerande tid for kyrkjelydshuset



Rett før ferien kalla Arna sokneråd inn til både orienteringsmøte og soknemøte om Kyrkjelydshuset. Tilbod på byggearbeidet i samsvar med byggeøyve var innhenta og det enda opp med ein kostnad for heile bygget på rundt 5. mill. kr.

Planane vart lagd fram til uttaling, og økonominemnda kom med ei sterk utfordring til å vera med på å finansiera huset. Eigenkapitalen er no på rundt 1 mill. kr. men det vil ikkje vera forsvarleg å starte byggearbeidet før ein har rundt 2. mill. I tida som kjem vert det difor mange oppmodingar til å vera med å reisa huset, og økonominemnda har mellom anna lagt til rette for at privatpersonar kan teikna lån i Vestlandsbanken og gje pengane til huset.

På soknemøte 28. juni vart det gjort fylgjande samrøystes vedtak.

1. Arna kyrkjelyd samla til soknemøte 28.06. 1987 ser det positivt at arbeidet med å auka eigenkapitalen til kyrkjelydshuset blir intensivert.

2. Soknemøtet held fast ved samsrøystes vedtak i soknemøte 15.03.1987 som m.a. bed soknerådet leggja fram finansieringsplan for gjennomføring av prosjektet og framdriftsplan for fullføring.

Soknemøtet bed soknerådet om å gå vidare med dette arbeidet og å kalla inn til nytt soknemøte når desse planane er klare, og før det blir gjort vedtak om byggestart.

Det er og ein føresetnad at dei teikningane som skal leggjast til grunn blir lagde fram for soknemøta til fråsegn, og at kalkyler for drift av huset blir lagde fram.

Fin generalforsamling

Sumarstid er stemne- og møtetid. Då samlast folk i hundre- tunsental til ymse stormøter og leirar. Også frå Arna kyrkjelyd har fleire reist slik. Kyrkjelydsbladet sin medarbeidar har snakka med ei av desse, Turid Mjelde frå Lone. Ho var i Bodø på Santalmisjonen si generalforsamling 4.-8. juli. På spørsmål om kva ho tykte om turen, svare ho at det var «heilt fantastisk».


Omlag 70 reiste med båten Brand, og denne brukte dei og som «hotell» medan dei var i Bodø. Dei fekk godt stell og god mat ombord. Miljøet var framifrå. Reiseleiar var Ingvard Hageberg her frå Arna. Nordetter brukte dei 2 dagar. Sør igjen tok det litt lenger tid, då dei hadde fleire og lengre opphald undervegs. Bra reisever fekk dei og. Turid, som var redd for sjøsyke, kjende ingen ting. Medan dei var i Bodø tykte dei nok at det hadde gjort seg med litt betre ver. Men siste kvelden fekk dei dog sjå midnattsola.

Når det gjeld sjølve generalforsamlinga, var ho svært nøgd. Omlag 1100 møtte fram frå heile landet. Ja, det var til og med ein biskop frå Cuba og ein frå India. Berre det å møte desse, var ei oppleving i seg sjølv. Den indiske biskopen, Munchi Tudu er ei frukt av Santalmisjonen sitt arbeid i India.

Mottoet for generalforsamlinga var: «Fra mørke til lys». Sjølv sagt vert det mykje forhandlingar på slike møte. Men det vart og veksla med mange andre og gilte møter. Ein kveld held SKRUK (Sunnmøre kr. ungdomskor!) konsert. Det var ei stor oppleving. For borna var det egne møter med filmframvisning m.m. Liqueeins hadde tenåringane egne bibel-timar og andre opplegg.

Det var mykje anna ein kunne ta med, men det vil føra for langt. Men ho var full av lovord både for møtet og for reisa. På spørsmål om ho ikkje angra lite grunn på at ho tok turen, svare ho: «Nei, tvert imot. Det gav meirsmak».

Arbeid på kapell og gravplass på Takvam



Bergen kommune har no i gang arbeid med å utvida kapellet og gravplassen på Takvam. Arbeidet med gravplassen har helde på ei tid, og det meste av planeringa o.l. er no gjort. Dette er noko som har vore planlagt i lang tid. Det var og naudsynt å skaffa plass til fleire graver for å kunna bruka gravstaden vidare. Kommunen har løyvt 2,25 mill. kr. til å få arbeidet gjort, og då vert det plass til 237 kiste-graver og 53 urner på det nye feltet på 2,2 dekar.

Når det gjeld kapellet er det løyvt kr. 600.000 på budsjettet for 1987. Det kom som ei gledeleg overrasking til den lokale nemnda som i mange år har arbeidd for ei utviding slik at det kan verta tenleg i bruk. No har teikningar vorte reviderte og arbeidet sett i gang. Trygve Romslo er engasjert til å utføra arbeidet. Nokon har og vore med litt på dugnad.

Då dei tok til med arbeidet viste det seg at tilstanden for kapellet var mykje dårlegare enn det ein hadde rekna med. Difor må det meste av det gamle bort, og det heile fornyast frå grunnen av.

Nemnda reknar likevel med at kostnadsramma skal halda, og byggmeisteren har god von om å vera ferdig med arbeidet i god tid før jul. Då vil kapellet gi plass til rundt 80 personar, og det vert nytt sakresti, kjøkken og toalett. I tillegg til arbeidet på Takvam, har det også vore arbeid på Mjeldeheim gravplass. Der er det no laga eit nytt urnefelt med plass til 748 urner.



Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

Arna: 13.9, 27.9, 4.10, 18.10.

Ytre Arna: 13.9, 20.9, 27.9, 4.10, 11.10, 18.10.

Ved dåp i Arna kyrkje bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

KYRKJESKYSS

Då kyrkjeskysen frå Haukeland/Espeland kyrkje på søndag formiddag fungerer dårleg, vil Diakonutvalget prøva å klargjera den litt betre.

Desse køyrer:

Søndag

6. sept. Konrad Borge	tlf. 24 00 31
13. sept. Sverre Myklebust	tlf. 24 29 05
20. sept. Ingrid Hope	tlf. 24 08 08
27. sept. Svein Mjelde	tlf. 24 28 71
4. okt. Harald Røslund	tlf. 24 08 70
11. okt. Konrad Borge	tlf. 24 00 31
18. okt. Sverre Myklebust	tlf. 24 29 05
25. okt. Ingrid Hope	tlf. 24 08 08

Øy på prestemøte

Frå 2.9 og i vel 2 veker har Øyvind Øy permisjon. Han er då saman med ein annan prest utsending frå Den Norske Kirkes Presteforening for å vera med på eit prestemøte for tyske prestar som skal vera i Noreg. Det vil då koma ein vikarprest til Arna, utan at vi i skrivande stund veit kven det vert.

NMS startar misjonsarbeid i Europa

Det Norske Misjonsselskap (NMS) vil starte misjonsarbeid i Europa. Dette er klart etter generalforsamlinga i Tromsø i sommar. Aktuelle land for NMS er Frankrike, Portugal, Italia og Østerrike.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døyppte

Arna sokn:

- 24.05: Kathrine Halsøy, Ann-Elin Rolland Larsen, Camilla Dalland Hammersland, Torgeir Lavik, Espen Iversen, John Andreas Ringø, Jørgen André Løseth Bøe, døyppt i Birkeland krk.
- 28.05: Silje Karin Elvik Pedersen.
- 31.05: Kristoffer Lavik, Veronica Korneliussen Minde.
- 07.06: Martin Hauge Ellifsen, Ronny Vestgård, Kristoffer Ervik Hovland, Vegard Haugland, Mona Skistad.
- 14.06: Sandra Kvant, Tina Christin Larsen, Helge Haga.
- 28.06: Håvard Brekke, Øystein Lægred Haldorsen, Asle Haugsvær, Camilla Berge Aase, Lena Chruckshank Vatle. Caroline Gjesdal Tunes døyppt i Birkeland kirke.
- 05.07: Charlotte Strand, June Andreassen, Robert Martinussen Søreide, Johnny Tveit Olsen døyppt i Ådland krk.
- 19.07: Glenn Garmanslund.
- 26.07: Anders Sørvik Nilsen, Ingerid Undeland Åkre, Ann Mari Berg Fjellveit, Kristine Kollstrøm Johnsen.
- 02.08: Tor Steinestø Tyssedal, døyppt i Ytre Arna krk.
- 15.08: Sandra Moe Cesar. Døyppt i Åsane krk.
- 16.08: Tove Skulstad, døyppt i Trengereid kapell.
- 16.08: Carina Rolland, Kristine Lian Sivertsen, Kine Takvam Rasmussen, Arnt Tommy Gjerde, Jan Hansen, Aleksander Romslo.

Ytre Arna sokn:

- 28.05: Nicolai-Ivar Majlatoun, døyppt i Arna krk.
- 07.06: Jarle Bjelde, Døyppt i Birkeland krk.
- 05.07: Kim André Ryberg Westad, døyppt i Lambertseter krk.
- 19.07: Andreas Rivenes.
- 23.08: Cesillie Fjeld Skjelvik, Truls Assersen Olsen.



Vigde

Arna sokn

- 16.05: Morten Iversen og Ragnhild Elisabeth Anette Unneland.
- 23.05: Arve Rygg og Bjørg Magni Nygård.
- 30.05: Arne Helge Norheim og Nina Beate Thunestveit.
- 30.05: Knut Arne Lilleskare og Helga Maria Vikebø.
- 06.06: Morten Bjarne Alvær og Mary Gerd Bjerkkan.
- 06.06: Roy Sathasivam Ragunathan Kengaran og Merete Thunestveit.
- 06.06: Stig Aarseth og Marianne Berntsen, vigde i Fana krk.
- 06.06: Bjørn Sigve Herdlevær og Jane Randi Bolstad, vigde i Domkirken.
- 20.06: Rune Listhaug og Beate Iversen.
- 20.06: Amund Anders Olsnes og Nora Hauge.
- 20.06: Sverre Vidar Grunnreis og Oddny Westrum, vigde i Åsane krk.
- 27.06: Olav Høsøien og Wenche Hellenes.
- 27.06: John Åge Strand og Solfrid Storli.
- 27.06: Steinar Mjelde og Sissel Flatås.
- 27.06: Trond Mjelstad og Anne Lise Ytre-Arne, vigde i Salhus krk.
- 04.07: Øyvind Hope og Siv Tove Vegsundvåg.
- 04.07: Magnus Mæland og Mariann Dalaker, vigde i Birkeland krk.
- 11.07: Lars Håbrekke og Kjersti Marie Hana
- 25.07: Jostein Hausvik Fjærestad og Astrid Ljones.
- 25.07: Sigird Hatland og Frøydis Pedersen, vigde i Birkeland krk.
- 25.07: John Arvid Mjelde og Ingelin Rydland, vigde i Storetveit krk.
- 01.08: Arthur Nilsen og Berit Foldnes, vigde i Fjell krk.
- 15.08: Vidar Borge og Anne Elisabeth Lindvik.
- 22.08: Øystein Østervold og Mai-Britt Haukeland.

Framhald s. 14

Presten
har
ordet



Øyvind Øy

Ny i kyrkjelyden?

Kvar haust kjem det nye til kyrkjelydane våre. Ein del ynskjer å få nærare kontakt med arbeidet i kyrkjelyden. Vi veit av røynsle at det ikkje er lett, heller ikkje i Arna. Like vel: Gjer eit forsøk! Du er velkomen til å vere med oss.

Gudstenesta er det høvet det er naturlegast å invitere til i første omgang. I Arna er det gudsteneste kvar søndag kl. 11.00, og i Ytre Arna minst tre søndagar i månaden. Vi har andre tilbod og, men ta til med gudstenesta. Så vonar eg at nokon av oss som er i kyrkjelyden frå før, oppdagar deg og ynskjer deg velkomen. Sjå etter nye!

Mange kjenner historia om mannen som gjekk i kyrkja søndag etter søndag for å få kontakt med folk i kyrkjelyden, men ingen snakka til han. Ein dag sette han seg i kyrkja med hatt på, og ein av dei som var i kyrkja bøygde seg bort til han og sa: «Du må ta hatten av deg i kyrkja!» Mannen svarte: «Eg har gått i kyrkja søndag etter søndag, og du er den første som har snakka til meg».

La det ikkje vere slik i vår kyrkjelyd. Nye folk er ikkje farlege! Det går an når du møter nokon i kyrkja som du ikkje veit du har møtt før, å seie: «Vi har visst ikkje helsa på kvarandre før?» «Nei, eg er ny her i kyrkjelyden....» Ver med å skape kontakt i kyrkjelyden du og!

Nye konfirmantar

179 konfirmantar har i år meldt seg til konfirmasjonstiden i Arna prestegjeld.

Av disse hører 41 til Ytre Arna og 138 til Indre Arna.

I fjor var det ca. 30 flere, men det skyldes at årskullet er minder i år.

Her i Arna er det ca. 90% av det totale ungdomskull som melder seg opp til konfirmasjon. Og det vil i realiteten si at et sted mellom 95% og 100% av de unge som står i Den norske kirke fremdeles velger å melde seg på til konfirmasjon.

Og konfirmasjonen befester dermed sin posisjon som den kirkelige handling som har størst opplutning.

En posisjon vi som menighet har all grunn til å være takknemlig for at konfirmasjonen har.

Den gir jo oss i virkeligheten en mulighet til å komme nesten all ungdom i menigheten i tale over et tidsrom på ihvertfall 8 måneder.

PRESENTASJONS- GUDSTENESTER

Ved begynnelsen av hvert konfirmantår blir konfirmantene presentert i kirken. Datoen for de forskjellige presentasjonsgudstjenestene er som følger:

Indre Arna kirke:

6. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for Indre Arna og Ådnamar-ka.

13. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantene fra Lone og Espeland.

13. sept. kl. 19.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantene fra Garness og Trengereid.

Ytre Arna kirke:

13. sept. kl. 11.00: Presentasjonsgudstjeneste for konfirmantene fra Ytre Arna

Erik Rodal

Målfrid Sandvik viglsa til misjonær



Dei som medverka under forbønshandlinga:
Frå venstre: Erik Rodal, Bjørg Bruknapp, Gunnbjørg Gloppen, Målfrid Sandvik, Øyvind Øy og Johan Skjortnes.

Søndag 23. august vart Målfrid Sandvik vigsla til misjonsteneste i Det norske misjonsselskap. Ho reiser no til Frankrike til språkstudier, og neste haust skal ho reisa til Kamerun.

Frå tida som kateket i Arna er ho velkjend for kyrkjelydane her, og familie og folk frå heimstaden hennar på Fitjar, var også komne til Arna-kyrkja denne dagen. Ramma om vigsla var den aller beste. Ei fullsett kyrkje i strålende sumarver viste at folket også gjerne ville vera med under denne handlinga. Gudstenesta og samlinga etterpå i Arna Bedehus var ein minnerik dag for dei som var med, og gode 5 timar var folk samla. Mange kjente det nok slik i kyrkja som det vart uttrykt i ei helsing: — Vi vart lyfta opp og følte himmelen over det heile. Vigsla vart leia av misjonssekretær Johan Skjortnes, og under forbønshandlinga medverka Øyvind Øy,

Erik Rodal, Gunnbjørg Gloppen og Bjørg Bruknapp.

Misjonforeningane i Arna hadde duka til fest på Arna bedehus etterpå, og der vart også begge salane fullsette.

— Vi er glade for å ha deg som misjonær i Det norske misjonsselskap Målfrid, sa misjonssekretær Skjortnes mellom anna i si helsing på samværet der.

— Glade for at du vil reisa til Kamerun med den bakgrunnen du har. Tidlegare sendte vi ut mange lærarar dit for å arbeida i skulane.

No har kyrkja der overteke det arbeidet. I staden ser vi trongen for lærarar i kyrkjelyden. Kyrkja i Kamerun er i vekst, og det nyttar ikkje å døypa utan at opplæring i kristen tru også kjem med. Difor er det store og viktige oppgåver som ventar deg der.

Framhald neste side

Målfrid Sandvik vigsla....

Han avslutta helsinga si med å overrekkja kallsbrevet til tenesta. Det var underteikna formannen i Det norske misjonsselskap Bjørn Bue og generalsekretær Odd Bondevik.

Mange andre nytta høvet til å koma med helsingar, og det vart mange gode ord og fine ynskje med på vegen for Målfrid Sandvik. Når dette bladet kjem ut, er ho alt på plass i Frankrike, men banda mellom henne og kyrkjelydane her vil nok vera knytta vidare. Ei slik misjonærvigsla i ein kyrkjelyd er med på det, samstundes som det er med på å formidla kall til medansvar i gjevarteneste og forbøn i kyrkjelyden. Mange i kyrkjelydane vil nok difor fylgja henne i tenesta vidare, og me vonar også gjennom Kyrkjelydsbladet å kunna formidla litt om dette.

I offer til Det norske misjonsselskap kom det inn kr. 11.761,- i kyrkja.

Bibelkurs i Arna

Bibelskolen på Bildøy i samarbeid med Indremisjonen i Ytre Arna, Indre Arna og Lone arrangerer kveldsbibelskole i Arna bedehus 8 torsdagskveldar i sept./okt. 1987.

Fra Bibelskolen kommer Henrik Røykenes og Odd Bjarne Skoggestad. Det blir 2 bibeltimer hver kveld med en pause imellom.

Emnene som blir tatt opp er: Det kristne livet v/Henrik Røykenes Med augo på Kristus (Tanker fra Kolosserbrevet) v/Odd Bjarne Skoggestad.

Kursavgift kr. 200,- pr. deltaker.

Biblar på 60 språk

(KPK) Bibelselskapet i Noreg har biblar eller testamenter på seksti ulike språk på lager, og kvart år sel dei mellom 25000 og 30000 utgåver på framspråk. Sekretær Erna Jeppesen i Bibelselskapet fortel at dei naturleg nok sel flest engelske utgåver. Men biblar og testament på urdu og persisk når også høgt opp på salsstatistikken.

MØTE

Betania, Lone

- 03.09: Møte v/Misjonssambandet.
- 05.09: Samlingsfest, Sven Arne Hetlebakke
- 06.09: Møte v/Misjonssambandet, Bøsseinnsamling
- 10.09: Nattverdmøte
- 13.09: Møte v/Indremisjonen
- 17.09: B.U.F
- 20.09: B.U.F
- 24.09: Bibelgrupper
- 26.09: Ungdomskeveld
- 27.09: Møte v/NLA
- 01.10: Møte v/Misjonssambandet
- 03.10: Lørdagssamling kl. 16.00
- 04.10: Møte v/N.L.M./Divisi
- 06.-
- 11.10: Offerveke v/Indremisjonen, Sven Arne Hetlebakke
- 15.10: Nattverdmøte
- 18.10: B.U.F

Arna bedehus

- 03.09 19.00 Kveldsbibelskole
- 06.09: Samlingsfest. Indre Arna musikklag.
- 09.09: 17.00 Eldretreff
- 10.09: 19.00 Kveldsbibelskole
- 13.09: 19.00 Søndagsmøte
- 17.09: 19.00 Kveldsbibelskole
- 20.09: Sang og musikk møte
- 24.09: 19.00 Kveldsbibelskole
- 27.09: 19.00 Møte v/NLA
- 30.09: Basar v/NLM
- 01.10: 19.00 Kveldsbibelskole
- 03.10: Møte v/Hvite Bånd
- 08.10: 17.00 Eldretreff
- 15.10: 19.00 Kveldsbibelskole

Ytre Arna bedehus

- 06.09: Samlingsfest
- 8., 9., 10., 12.
- 13.9 Møter v/Santalmisjonen
- 16., 17.9: Møter v/Den indre sjømannsmisjon

Haugland bedehus

- 11.09: Møte v/Santalmisjonen
- 20.09: Familiecaffi v/Yngreslaget kl. 16.30



Denne boken burde du lese

Ei bok om kyrkjelyden

Ein tysk prest fortalde at dei hadde bestemt seg for å gjera noko ekstra for industriarbeidarane, for dei var i fleirtal i hans kyrkjelyd i Ruhrområdet. Dei starta med å gå ut og spørje folk kva dei venta seg av kyrkja. «Ingen ting», var svaret dei oftast fekk. «Tenk dei ventar seg ingen ting», sa presten. «Dei har visst slutta å rekna med oss for lenge sidan».

Trur du det finns personar eller grupper der du bur som ville svare på same måten?

Tenk litt på kva som må til for at ganske allminnelige folk skal byrje rekne med kyrkja att.

«Så langt men ikke lenger» er tittelen på ei bok om kyrkjelyden, skriven av Sindre Eide. Eit forfattarstipend frå Faglitterer Forfatterforening gjorde at han tok seg permisjon for å arbeida med boka.

Sindre Eide er prest i Sirdal og lenger ute i boka fortel han dette: «Jeg ble litt forbauset da jeg så plakaten i kantinen: UNDERHOLDNING» ved Sindre Eide sto det. Trompet, allsang, film m.m. Jeg hadde ringt og sagt at jeg kom innover til anlegget i forbindelse med kraftutbyggingen langt inne i Sirdalsheiene. Det var første gangen og jeg var litt nervøs.

«Likte du plakaten»? Sekretæren jeg hadde snakket med i telefonen spurte og fortsatte: «Jeg forandret litt på det du sa. Hadde jeg skrevet «møte med presten» og «andakt» med store bokstaver så hadde ikke mange kommet i kveld. Det kan du være sikker på».

Forfatteren er fullt klar over at sekretæren hadde eit viktig poeng der. I boka si tek han opp denne og andre situasjonar han vil analysere under ein

ny synsvinkel. Og uventa innfallsvinklar til kyrkjelyden og seg sjølv har han verkeleg funne. Eit sitat fylgjer: Han facinerte meg fullstendig — gatemusikkanten som var et helt orkester alene, et «one man band». Stortromme på ryggen, cymbaler oppå den, grytelokk mellom knærne, gitar, munnspill i stativ ...» Det må være slitsomt» tenkte jeg. Men det gikk visst greit. Alt var innøvd. Armer og bein gikk hele tiden, det virket som en selvfølge at han skulle være et helt orkester for seg selv ...

«Sånn er visst jeg i menigheten», tenkte jeg videre. «Et enmannsorkester, og det hele er så innøvd at det nesten ville virke litt rart om andre slapp til. De ville vel ha problemer med å falle inn i rytmen. Ville bryte harmonien...»

«Hvorfor går vi i kirken?» spurte presten konfirmantene sine. I timen rett før hadde de snakket med menigheten som Guds familie på det stedet. Det ble først helt stille. Etter en stund rakk en gutt opp hånden og sa: «Den der familien har vel bruk for å møtes en gang i blant».

Er kyrkjelyden berre for spesielt interesserte? Kva tyder det å vere ein open og inkluderande kyrkjelyd? Utfordrande og engasjert kastar Sindre Eide fram sine tankar og erfaringar. Det som betyr noko for han er at evangeliet vert nært og levande — ingen menneskeleg terskel må få hindra det. Boka vender seg til alle som lengtar etter eit ope og inkluderande fellesskap.

Gode Gud, la oss ikke straks forkaste det som vi ikke begriper oss på. Gi oss mot til å møte det nye, tålmodighet til å søke å forstå fremmede og visdom til å ta imot det gode som kan finnes der vi minst venter det.

(etter William Penn)

Sindre Eide:
SÅ LANGT MEN IKKE LENGER
Menigheten — bare for spesielt interesserte?
Verbum forlag 1987.

N.K. Olsen

Heim frå Bangladesh



Kirsten og Ottar Hope kom i slutten av juni frå Bangladesh. Dei vert buande på Espeland til dei på nytt reiser ut til ein ny arbeidsperiode.

Ottar Hope har arbeidd som lækjar i helsearbeid som Den Norske Santalmisjon starta opp på deira felt i 1979. Medan han er heime skal han arbeida ved Haukeland sykehus. Kirsten Hope er utdanna lærar, og ho har også arbeidd i kyrkjelyden der dei har hatt si teneste. Medan ho er heime, vil ho reise rundt i misjonsforeningar tilknytta Den norske Santalmisjon.

— Korleis opplever de det å kome att til Noreg?

— Ja det var fint seier dei begge. Særleg godt å møte att gode misjonsvenner som spør og har fulgt med i arbeidet vårt. Men vi må vedgå at tankane våre er mykje i Bangladesh framleis.

Ottar fortel at han har hovedarbeidet sitt i helseteneste på ein liten klinikk. Dessutan er det førebua helsearbeidet svært viktig med opplysning om hygiene, boring av brønner o.l. Nauda har ingen grenser, seier han om det han opplever der i arbeidet sitt. Utanom dette er han med og leier ein bibelklasse i kyrkjelyden og stundom er han og med ein evangelist på evangelisering. Språket dei nyttar er bengali.

Kirsten har vore engasjert særleg i kvinnearbeidet i kyrkjelyden, og vore leiari for ulike grupper av kvinner der.

For at borna deira på 7.9 og 11 år skal få høve til å verta litt kjende med norske tilhøve vert dei verande i Noreg 2 år før dei reiser ut att.

BLI MED TIL ISRAEL

RUNDREISE I ISRAEL 16.-28. MARS 1988. MED. RES.KAP. HARALD SUNDSBØ SOM REISELEIAR

Etter studieturen eg hadde til Israel i 1986, har einskildpersonar spurt om eg vil vera reiseleiari for tur dit. No er tilhøva lagt til rette for det, tidspunktet fastsett, og dei første påmeldingane komne.

Programmet er lagt opp i samarbeid med Fokus reisebyrå, som har røynsle frå ei rekkje turar dit, og dei vil stå for den praktiske gjennomføringa. Det er lagt opp slik at ein skal få sjå dei ulike delane av landet samstundes som det er teke omsyn til at opplegget ikkje skal verta for slitsamt for deltakarane.

Israel er eit interessant land å reisa til på mange måtar. Det har ein svært variert natur. Vi startar rundreise med ein tur gjennom øydemarka til badebyen Eilat ved Rødehavet, seinare til Dødehavet, Jerusalem, båttur på Genesaretsjøen, og vi vil også kunna sjå kibbutzar og store fruktbare område med appelsin- og bananproduksjon, for å nemna litt.

Årstida turen er lagt til, gjer at vi kan venta gode vår- og sommartemperaturar etter norske forhold, og det er såleis kanskje den beste tida å reisa på.

Historiske interesserte vil finna mykje å sjå. Det kan vera ruinane frå den eldste kjende byen i verda — Jeriko-, Jerusalem som sentrum for 3 verdsrelegionar, eller museet som viser den nyare historia med jødane sine kår i Europa for 40-50 år sidan.

Israel er framfor alt Bibelens land, og kontakten med bibeltekstane vert nærare når ein får sjå stadene der det hente.

For å få meir att av turen, er det godt å vera førebudd på det ein skal

Framhald neste side

sjå. På førehand vil eg difor arrange-
ra fleire samlingar med orientering
og lysbilete (ev. video).

Desse samlingane er opne for alle
interesserte, og sjølvstg heilt ufor-
plikande for dei som kjem. Første
samlinga vert i Kyrkjelydshuset i Yt-
re Arna (bak kyrkja) tirsdag 13. okto-
ber kl. 19.00.

Det går buss frå Arna stasjon kl. 18.30
og retur kl. 21.05.

Turen er open for alle. Pris er ikkje
fastsett, men truleg vert det mellom
8-9.000 med halvpensjon. Nærare pro-
gram og opplysningar kan ein få ved
Kyrkjekontoret i Ytre Arna. tlf.
24 85 46, adr.: Postboks 111, 5265 Ytre
Arna, eller res.kap. Harald Sundsbø,
tlf. 24 13 25. **Harald Sundsbø**

Framhald frå s. 8 Vigde

Ytre Arna sokn:

- 06.06: Sverre Johannes Bystad og
Oddrun Kristine Nygård, vigde i
Birkeland kirke.
- 13.06: Sigbjørn Pettersen og Tone
Hjortland
- 25.07: Øyvind Sydholen og Henny
Haugland
- 15.08: Willy Henning Ytredal og
Vibecke Angvik.

† Døde

Arna sokn:

- 18.05: Ole Karstein Henriksen f. 1967.
- 25.05: Jakob Lithun f. 1891.
- 25.05: Martha Mjeldheim f. 19.04
- 03.06: Aksel Hope f. 1916.
- 08.06: Astrid Hansen f. 1901
- 15.06: Knut Skulstad f. 1925.
- 20.06: Jakob Kristoffer Unneland f.
1910.
- 23.06: Nilla Haus f. 1888.

- 26.06: Mikal N. Øvrebotten f. 1908.
- 02.07: Helga Valborg Hansen f. 1906.
- 12.07: Harald Hansen f. 1904.
- 13.07: Edith Strømstad f. 1899.
- 06.08: Johannes Trefall f. 1909.
- 17.08: Petra Pedersen f. 1900.

Ytre Arna sokn:

- 27.07: Einar Andreas Vikne, f. 1917.
- 05.08: Anna Helland, f. 1912.
- 25.08: Olav Kalsås, f. 1904.

Ofringar til kyrkjelydane

Arna kyrkje:

- | | | |
|--------|----------------------------------|----------|
| 17.05: | Arna Søndagsskulelag | 2.246,- |
| 24.05: | Dei 4 diakoninst. | 1.766,- |
| 28.05: | Israelmisjonen | 1.202,- |
| 31.05: | Kyrkjelydshuset | 1.202 |
| 07.06: | Nordhordland Indremisjon | 1.959,- |
| 08.06: | Norsk Diakonihøgsskule | 1.220,- |
| 14.06: | Kristent arb. bl. blinde | 2.292,- |
| 21.06: | Kyrkjelydshuset | 3.200,- |
| 28.06: | Den norske tibetmisjon | 2.279,- |
| 05.07: | Kristelig kringkastingslag | 1.358,- |
| 12.07: | Kyrkjelydsarbeidet | 1.315,- |
| 19.07: | For. for Bibel og
bekjennelse | 934,- |
| 26.07: | Misjon bak jernteppet | 1.747,- |
| 09.08: | Kirkens SOS | 1.045,- |
| 16.08: | Kristenf. edruskapsråd | 1.232,- |
| 23.08: | Det Norske Misjonss. | 11.762,- |

Ytre Arna kyrkje:

- | | | |
|--------|--|-------------|
| 24.05: | Blå Kors | kr. 579,- |
| 31.05: | Bergen bispedømmeråds
familiegivningskontor | 717,- |
| 07.06: | Nordhord. Indrem. | kr. 876,- |
| | Kirkens Nødhjelp, fasteb. | 3.317,- |
| 14.06: | Bjergvin bispedømmeråd | kr. 510,- |
| 21.06: | Misjon bak jernteppet | kr. 1.107,- |
| 05.07: | Dei fire diakoninstitus. | kr. 468,- |
| 19.07: | Kristelig Kringkastingslag | kr. 271 |
| 02.08: | Det hvite bånd | kr. 1.029,- |
| 09.08: | Alternativ til abort | kr. 760,- |
| 23.08: | Hjemmenes Dåspring | kr. 1.050,- |

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Kleivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

Kranser Bårebuketter Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

Banken i Arna'frå 1866

SPAREBANKEN



— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
oppsatt.

DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for
Bil-båt og
varetransport



ARNATVEIT AUTO SENTER

Tlf. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J. B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Sept.06.** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjellesorg.
- Sept.13.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til Kristen idrettskontakt. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00. Sokneprest Øy og kateket Erik Rodal. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Sept.20.** Arna kl. 11.00 Innvandrarprest Stig Magne Heitmann. Nattverd. Takkoffer til kristent arbeid blandt innvandrere. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00 Sjømannsprest Harald Daasvand. Offer til sjømannsmissionen. Kyrkjekaffi.
- Sept.29.** Arna kl. 11.00 Fam.gudst. v/res.kap. Sundsbø. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Hernes. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.
Tregereid kl. 11.00. Sokneprest Øy. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets.
Unneland kl. 16.30. Sokneprest Øy. Søndagsskulens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets.
- Okt.04.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. 50-års konfirmantane innbedne.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. 50-års konfirmantane innbedne. Ytre Arna kyrkjekor.
- Okt.11.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy.
Ytre Arna kl. 11.00. Gudsteneste. Takkoffer til Norsk Lærerakademi. Kyrkjekaffi.
- Okt.19.** Arna kl. 11.00 Fam. gudst./Hausttakkefest. Res.kap. Sundsbø
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy.
Tregereid kl. 11.00 Gudst. Takkoffer til Norsk Lærerakademi.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11. 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein,

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Bjørg Hellesø.

Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 7: 20. sept.